

---

**Fra:** Nina Søvik Mjømen <nina@arkoconsult.no>  
**Sendt:** 13. oktober 2016 11:21  
**Til:** Benjamin Stephen Hicks  
**Kopi:** Nils Skjerping; Pål Kjetil Tufta  
**Emne:** Ref.: 16/3014-16/27056

Hei,

Vi har blitt kontakta av Osterøy Entreprenør i denne saka for vidare søknadsarbeid.

Det er fyrst ynskjeleg å merke at Osterøy Entreprenør i tidlegare søknad frå 2010 også meinte å søke om opparbeiding av VA-anlegg, og var av den oppfatning at grunnarbeid også omfatta dette. Dette var årsaken til at teikningar av VA-anlegg vart sendt inn saman med søknaden. Dei har derfor lese vedtaket frå kommunen med dette som baktanke. Då dei seinare vart kontakta av kommunen trudde dei derfor at det einaste som mangla var at eit Bnr. var gløymd i opphaveleg søknad. Dette meina dei at erklæring frå heimelshavar til Gnr.2 Bnr. 4 kunne rette på.

I ettertid ser dei at det har skjedd ein del misforsålsar her, då det kan synast som om VA-anlegg ikkje direkte er med i verken søknad eller vedtak frå 2010. Sjå brev frå Osterøy kommune 28.06.2016 (saksnr. 16/1578-16/13006). Tiltakshavar har likevel fram til dette vore sikker på at VA-anlegget var søkt om og godkjend saman med terrengarbeidet. Det har aldri vore hensikta å handle i strid med Plan- og bygningslova og det er ynskjeleg frå tiltakshavar si side å få ordna opp i saka så fort som mogleg. Alt arbeid er stoppa til vedtak ligg føre. Det er likevel ynskjeleg at ein får behalde eksisterande løysing til ein har fått ei godkjenning, anten det måtte vere på eksisterande eller alternativ løysing.

Tiltakshavar er i dialog med teknisk drift i Osterøy kommune, som skal godkjenne VA-rammeplanen. Deretter skal søknad om tilkopling til offentleg VA sendast inn og godkjennast. I tillegg skal full søknad utarbeidast og ein skal gå igjennom prosjekteringa for evt. endringar av teikningar. Dette samt meir må gjennomførast før søknad om byggeløyve kan sendast inn. Vi ber derfor om utsett frist for innsending av tilleggsinformasjon slik at det er mogleg å få dette i orden.

Med vennlig hilsen/Best Regards

**Nina Søvik Mjømen**  
**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 99245581 | Felles: +47 56390003  
Fax: +47 56191130  
Epost: [nina@arkoconsult.no](mailto:nina@arkoconsult.no)



**Hovedkontor - Valestrandsfossen:**  
**Arkoconsult AS**  
Postboks 103, HTB-bygget  
5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor - Voss**  
**Arkoconsult AS**

Strandavegen 2  
5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.